

Interpellasjon: Lag lokale retningslinjer for bruk av vasskuter i Hardangerfjorden.

Pinsehelga var ei fantastisk helg med sol og varme kor me endeleg kunne nyte gode dagar i herleg sommarvêr. Samtidig fekk me ei forsmak på verknadane av oppheving av forskrift for regulering av vasskuterkøyring frå 18.mai 2017. Innlegg i HF 2. juni frå 8 år gamle Selma og Knut Bernhard målber problemstillinga: Dei er redde og plaga av støy.

Slik vil vi ikkje ha det i Kvam!

I samband med oppheving av forskrifta reiste Kvam MDG juni 2017 ein interpellasjon med forslag om å skipe eit lokalt regelverk for Hardangerfjorden som kan regulere vasskuterkøyring i fjordbassenget. Heradsstyret vedtok då å jobbe vidare med temaet, og det vart gjort ei vurdering i Hardangerrådet.

Dette arbeidet vart etterkvart sett på vent, grunna varsla ny hamne- og farvasslov.

Den nye hamne- og farvasslova vart gjeldande frå 1.januar 2020, og opnar for at kommunane kan gje eigne reglar for fritidsfartøy eller spesifikke reglar for ferdsel med vasskutar i eigne sjøområde.

I utgangspunktet er køyring med vasskuter regulert av dei alminnelege reglane om fartøy. Regler om aktsam ferdsel, avstand til badande og fartsbestemmingar i sjø gjeld for førarar av vasskutarar på lik linje med førarar av andre fartøy. Nettstaden til regjeringa oppgjev at for alle førarar av vasskutarar gjeld fyljande reglar:

- Førar av vasskutarar skal utvise aktsemd og avpasse farten etter forholda
- vasskutarar som passerer innanfor en avstand av 50 meter frå stader der bading pågår, skal ha maks fart 5 knop
- Førar av vasskutarar over 10 hk må vere fylt 16 år
- Førar av vasskutar over 25 hk, født 1. januar 1980 eller seinare skal ha båtførarbevis.

Det er opplyst at fleire kommunar har innført lokale forskrifter som regulerer bruk av vasskuter i eige sjøområde og lokale fartsgrenser som gjelder for alle typar fartøy.

Vi meiner at «å utvise aktsemd og avpasse farten» gjev stort rom for skjønn, som bør utdjupast og konkretiserast for lokale tilhøve. Dette gjeld særleg omsyn til sårbart fugle- og dyreliv, som krev god lokalkunnskap og oversikt for å kunne gjere naudsynte vurderingar. Det er og viktig for ålmenta generelt sin bruk av fjorden. Vasskuter skil seg frå anna fartøy med rask og gjerne heilt uføreseieleg køyring. Saktegåande aktivitet lågt i vassflata, t.d. kajakk, bading/symjing utanfor offentlege badeplassar m.m. vil kunne vere vanskeleg å oppdage frå ein vasskuter i høg fart. Manglande regulering av vasskuterkøyring vil difor kunne innverke på mykje anna friluftsliv på/ved fjorden grunna opplevd utryggleik, og plagsam støy.

MDG meiner heradet bør nytte opninga som gitt i den nye loven til å konkretisere og sette rammar for bruk av vasskuter lokalt. Dette må skje i samarbeid med omkringliggande kommunar slik at ein får eit felles regelverk for fjordbassenget. Salet av vasskutarar er på veg opp, og auka omfang av desse vil påverke ålmenta si oppleving av strandsona monaleg. Klart regelverk vil vere ei

forventingsavklaring for nye kjøparar og kunne senke konfliktnivået. Anna regelverk generelt for bruk av hurtiggående fartøy på fjorden må fyljast opp av gjeldande mynde på området.

Forslag til vedtak:

Heradsstyret ber rådmannen legge fram eit framlegg til særskilte retningsliner for bruk av vasskuter i kommunen, med mål om ei felles forskrift med nabokommunar.